

Referat frå styremøte i Målselv Historielag

20.04.16. på Midt-Troms Museum

Til stades: Odd-Inge, Larsen, Elsa Nymo, Oddlaug Lakseide og Audhild Olaisen

Sak 18/16: Rekneskap

Odd-Inge informerte. Laget har kr. 109 000; på bok. Kr. 44 000; er reservert krigsfangeprosjektet. Kr. 65 000; er disponibelt.

Utgifter som er gått til dei tre prosjekta Krigsfangenes Minnefond, Høgtunboka og Aaseprosjektet, må rapporterast til Odd-Inge.

Kvammen må få beskjed om å sende faktura til Bardufoss Høgtun vgs ang dei to Høgtunbøkene som biblioteket på Høgtun har kjøpt. Audhild har påtatt seg å melde frå om dette.

Årsmeldinga var med i rekneskap og protokoll til LLH for momskompensasjon.

Sak 19/16: Medlemskontingent

Odd-Inge: 94 namn på medlemslista. 86 har fått tilsendt krav på kontingent. 8 stk. har ikkje e-post. Melding blir sendt manuelt til desse. Blir gjort av Mariann.

60 medlemmer har betalt. 32 purringar.

Eit nytt medlem: Nils Arne Granheim (Odd-Inge sender krav om kontingentbetaling).

Sak 20/16: Referat frå Troms Historielags årsmøte 1. og 2. april, Finnsnes gaard

Oddlaug refererte: Lenvik Historielag sto for underhaldning og mat fredagskvelden.

Deretter ordinært årsmøte med valg på lørdag.

To uttalelsar:

1. Styrk vår kollektive hukommelse – styrk arkivene

2. Samene er en viktig del av vår historie i hele landsdelen – Sametinget må vektlegge kystsamenes historie

Sak 21/16: Innsamling av livsminner

Dette prosjektet er ikkje avslutta (Mariann). Intervju med Steinar Sjøderbom og Jarle Johansen er klargjort for innsending av Odd-Inge. Mariann er ansvarleg for innsending.

Sak 22/16: KIK prosjektet.

Odd Inge: To møter med Kristian Moldenæs. Første møte: Odd-Inge, Oddlaug og Kristian. Enighet om fortgang. Skal registrere sager, kverner og møller, til saman 12 stk. (er i fjorårets kalender). Andre møte: Odd-Inge og Kristian. Idemyldring omkring kulturminner for å kome i gang. Forslag om å gå til aviser for å få tips frå publikum.

Kulturminnene skal registrerast i databasen «kulturminnesok.no»

Sak 23/16: Aaseprosjektet

Info frå Elsa: 20.04. var søknaden om stønad frå kommunen oppe i Formannskapet. Det ble einstemmig vedtak om å bevilge kr.100 000; til skulpturprosjektet. Søknad om stønad ligg inne hos Sparebank Nord.

Drøfting omkring andre stader ein kan søke midler. Elsa vil bla søke Sparebankstiftelsen og Troms Fylkeskommune.

Det blir konsert til inntekt for prosjektet 25.5. i Målselv kirke. Innvilga søknad frå Kirkelig Fellesråd om å få bruke kirka. Menighetsrådet skal da ha kr.1000; samt 10% av inntekta av konserten.

Følgende kor er invitert og har sagt ja: Dølakoret, Mellemygd Mannskor, «Bra Folk», Chorus Borealis, Freidig Mannskor.

Elsa ønsker hjelp med det praktiske omkring konserten. Salg av Aaseboka aktuelt.

Ny kontrakt med kunstnaren. Denne må signerast før arbeidet kan starte. Elsa sender siste versjon av kontrakta på nett til vurdering.

Sak 24/16: Forslag til aktuelle hus til kalenderen

Rikeleg med forslag kom fram. Desse blei noterte av bla Odd-Inge. Enighet om å få stor variasjon i typer bygningar, både når det gjeld funksjon, konstruksjon, alder m.m.

Sak 25/16: Tirpitzforedraget i Istindportalen

Oddlaug orienterte: Tidspunkt: 27.4. kl.1900. Historielaget er invitert til pressekonferanse i Istindportalen mandag 25.4. Før og under foredraget har Historielaget ansvar for kaffe og kringle, kjøpt i kafeteriaen. Pris: kr.50;

Viktig med profilering av Historielaget. Salg av Høgtunboka, kalender.

Sak 26/16: Oddlaug orienterer om prosjekt Bardufossfangenes minnefond

Ho har sendt e-post til Michael Stokke med spørsmål om kva Narvik Museum skal ha i betaling for å lage elevheftet.

Sjekk av Vidkunn sitt blå hefte om fangeleirane Måselv

Olsborgmoen 25/4 2016

Audhild Olaisen

referent